



**Kommunestyret**

Vår sakshandsamar: Elin Molven Wilhelmsen

Dykkar ref.:  
Vår ref: 2014/160  
Vår dato: 02.06.2015

## **Partsbrev PS 20/15 - Årsrekneskap 2014 for Fusa kommune - Uttale frå kontrollutvalet**

Påskrift frå sekretariatet:

Ber om at partsbrev, uttale frå kontrollutvalet, saksomfang og regnskapsskjema 1. A, vert lagt fram for kommunestyret 18.6.2015 via formannskapet 3.6.2015.

Med helsing

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Elin Molven Wilhelmsen  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi til:  
Ordførar  
Rådmann  
Fusa kommune  
Utvalseiar  
Deloitte AS

Arkivsak: 216  
 Arkivnr: 2014/160-40  
 Sakshandsamar: Elin Molven Wilhelmsen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fusa kommune	20/15	01.06.2015

### Årsrekneskap 2014 for Fusa kommune - Uttale frå kontrollutvalet

#### Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet skal gje uttale til årsrekneskapen, jf. "Forskrift om årsrekneskap og årsberetning". Rådmannen si årsmelding skal følgja som sakstilfang til saka, og det skal merkast om det er vesentlege avvik mellom årsmeldinga og årsrekneskapen.

Det er så formannskapet som innstiller overfor kommunestyret, i saka om rekneskapen. Kommunestyret skal handsama både årsrekneskap og årsmelding i same møte. Dette følgjer av kommunelova §48, jf. "Forskrift om årsregnskap og årsberetning" §10.

#### Drøfting:

Årsrekneskapen er lagt fram av rådmannen, og inneheld driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversiktar og noteopplysningar.

Grunna svært store utfordringar i høve ferdigstilling av årsrekneskap og årsmelding 2014 i Fusa kommune, måtte kontrollutvalet flytta møtet sitt frå den 21.5.2015 til 29.5.2015, for deretter å bli flytta på nytt til 1.6.2015. Sekretariatet mottok årsmelding 2014, 2. pinsedag (25.5.2015). Årsrekneskap 2014 vart motteken på ettermiddagen den 26.5.2015. Lovkravet er at årsrekneskapen skal vera klar 15.2.15 og årsmeldinga skal vera ferdig 31.3.15. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber Fusa kommune om å syta for å halde desse fristane i framtida.

På bakgrunn av at årsrekneskap og årsmelding vart levert monaleg seinare enn dei fastsette fristane, klarte heller ikkje Deloitte å levera melding frå revisor innan den fastsette fristen som i lova er sett til 15.4.15. Dette vart motteke i sekretariatet 27.5.2015. Slik sekretariatet oppfattar det skal revisor levera si revisjonsmelding 15.4., sjølv om revisjonen ikkje er ferdig. Når revisjonen er gjort ferdig skal det leverast ny melding frå revisor samstundes som den første vert trekt tilbake. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber Deloitte om å syta for at melding frå revisor for framtida vert levert innan den lovfesta fristen.

Utsending av møteinnkalling til kontrollutvalet, skal sendast elektronisk til Fusa kommune straks etter ferdig sakshandsaming i sekretariatet. Etter avtale med rådmannen vert møteinnkallinga sendt elektronisk til kommunen, for deretter å verta trykt opp og kjørt ut direkte i til kontrollutvalet og vararepresentantane. Dette er ikkje noko ønska situasjon generelt, men spesielt med tanke på å få ei forsvarleg sakshandsaming av saka, både for revisjonen og sekretariatet, samt kontrollutvalet si moglegheit til å få førebu seg til møtet.

Kommunen sin revisor, Deloitte AS, har lagt fram revisjonsmelding. Her er medteke at driftsrekneskapen viser kr. 220.875.049,- til fordeling drift og eit rekneskapsmessig meir forbruk på kr. 1.394.614,-. Når revisor er nøgd med avlegginga av årsrekneskapen i ein kommune er det vanleg at det vert levert ei såkalla "normal revisjonsmelding". Dersom revisor ikkje er nøgd med avlegginga av årsrekneskapen er det høve til å gjera avvik frå "normal revisjonsmelding". Utforminga av ei revisjonsmelding med avvik kan gjerast på fleire måtar avhengig av kor vesentleg og alvorleg avvik det er snakk om. Dei to minst alvorlege avvika er desse:

1. **Presisering:** Ei tydeleggjering av høve som allereie er omtala i rekneskapen, men som revisor meiner det er viktig at brukarane av rekneskapen vert gjort merksam på.
2. **Atterhald:** Dette vert brukt når det er avdekka vesentlege feil i rekneskapen, men der feila likevel ikkje er så vesentlege at heile rekneskapen vert vesentleg feil.

I dette tilfellet har Deloitte levert ei **revisjonsmelding med både presisering og etterhald.**

Når det gjeld presisering skriv Deloitte m.a. dette:

Under andre tilhøve i melding frå revisor:

*«I tråd med retningslinjer for betring av sjølvkost for kommunale betalingstenester, skal det utarbeidast sjølvkostkalkylar for dei områder kor sjølvkost er sett som den rettslege ramma for brukarbetalingar. Kommunen har ikkje utarbeidd sjølvkostkalkylar av kostnadane for desse tenesteområda.»*

*«Jamfør rekneskapsforskrifta § 20 skal årsrekneskapen vere framlagd innan 15. februar og årsmeldinga innan 31. mars i året etter rekneskapsåret. Vi hadde på desse tidspunkta ikkje motteke rekneskap og årsmelding for Fusa kommune.»*

Under punkt 6 Avslutning i Revisjonsrapport nr. 5:

*«.....mangel på sjølvkostkalkyle medfører presisering i vår fråsegn om årsrekneskapen og for seint avlagt årsrekneskap og årsmelding vil og bli omtala.»*

Når det gjeld etterhald skriv Deloitte m.a. dette i melding frå revisor:

*«I tråd med rekneskapsforskrifta om årsrekneskap og årsmelding (for kommuner og fylkeskommuner) § 3, skal årsrekneskapen innehalde omtale av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar. Vesentlege rekneskapsprinsipp er ikkje omtalt og andre noteopplysningar er ikkje nøyaktige og fullstendige.»*


Sekretariatet er overraska over at Fusa kommune heller ikkje i år har klart å få ferdig årsrekneskapen og årsmeldinga, innan dei fristar som er sett, jf presiseringa frå Deloitte over. Konsekvensen er som kjent at kontrollutvalet måtte flytta møtet sitt tre gonger. Dette på tross av at det i 2014 også var store problem med å få ferdig årsrekneskapen og årsmeldinga innan dei fristar som er sett. Slike utsettingar gjer at det vart særst utfordrande å få til ei forsvarleg sakshandsaming før saka kan handsamast i kontrollutvalet, og tidsnok til at den kan rekke møte i formannskapet og i neste omgang kommunestyret.

Vi fekk også kopi av revisjonsrapport nr. 5. frå Deloitte AS til kommunen. Denne revisjonsrapporten inngår også som ein del av sakshandsaminga til rekneskapssaka i kontrollutvalet. Revisjonsrapporten beskriv resultatet av ei kartlegging og vurdering av dei viktigaste kontroll- og rekneskapsrutinane i kommunen, for å identifisere kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa. På bakgrunn av denne gjennomgangen har Deloitte AS gjeve ein rekke tilrådingar til kommunen på forhold som bør og kan betrast. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet oppmoder kommunen om å prioritere å sette fokus på desse forbedringsområda.

Av rekneskapen for 2014 har sekretariatet merka seg at netto driftsrekneskap er negativt med kr. -5.483.416,-, dvs. netto resultatgrad på -1,85% (Sett opp mot sum driftsinntekter). Gjennomsnitt for alle kommunane i Noreg (utanom Oslo) ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad på 1,10% i 2014. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 3 prosent fram til 2014 for å ha ei forsvarleg økonomisk drift. Frå 2014 er dette talet ned justert til 1,75%.

For Fusa kommune har netto resultatgrad vore slik dei siste 5 åra: 2010 (-0,62%), 2011 (+0,73 %), 2012 (-0,90%), 2013 (+1,53%) og 2014 (-1,85%), sjå graf nedanfor. Som vi ser av desse tala har kommunen eit

resultat som i 2014 er dårlegare enn tilrådinga frå TBU og under snittet i kommunane. Netto driftsresultat viser kva ein har att etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Driftsresultatet påverkar i stor grad kommune sin handlefridom og evne til å tåle svingingar i økonomien.



Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 – 2015) «Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning». Her er det undersøkt sammenhengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Fusa kommune har ei lånegjeld tilsvarande 65,18 % av sum driftsinntekter, altså innafor tilrådinga frå Riksrevisjonen. Tilsvarande er disposisjonsfondet på 1,2 % av driftsinntektene. Riksrevisjonen tilrår her minst 5 %. Totalt sett har Fusa kommune tilfredsstillande lånegjeld, men eit driftsresultat godt under det som er tilrådd av TBU for 2014, medan disposisjonsfondet også er lågare enn tilrådd.

Sekretariatet merkar seg m.a. følgjande frå rådmannen sin uttale i årsmeldinga:

*«Kommunereforma sitt mål om færre og større kommunar tilseier at Fusa kommune må vera budd på å bli del av ein større kommune i 2020.»*

*«Før vi kjem så langt må vi gjera dei kloke strategiske og langsiktige vala, med tilhøyrande tiltak for å skaffa oss handlingrom no. Vi må handtera det dilemmaet at dei kloke langsiktige vala gjerne smerta mest i det kortsiktige perspektivet.»*

*«Kommuneorganisasjonen og politisk system må hjelpa kvarandre og leggja til rette for gode endringsprosessar. Gjennom godt samspel kan vi få til det beste for Fusasamfunnet og innbyggjarane.»*

Kontrollutvalet har som oppgåve å gje uttale til kommunen sin årsrekneskap. Uttalen vert gjeve med bakgrunn i framlagd årsrekneskap og årsmelding frå administrasjonen og revisjonsmeldinga og revisjonsrapport frå revisor. Kontrollutvalet tek sjølv stilling til kva forhold som skal omtalast i uttalen. Det vil vera naturleg å ta med spesielle forhold som blir omtala i revisjonsmeldinga og eventuelle revisjonsrapportar og nummererte brev. Uttalen skal sendast til kommunestyret, med kopi til formannskapet.

Rådmann har lagt fram ei god årsmelding, som gjev ei god skildring av drifta av kommunen i 2014. Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformast i tråd med Kommuneleova § 48 nr. 5, som lyder:

*«I årsberetningen skal det gis opplysninger om forhold som er viktige for å bedømme kommunens eller fylkeskommunens økonomiske stilling og resultatet av virksomheten, som ikke fremgår av årsregnskapet, samt om andre forhold av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten. Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i fylkeskommunen eller kommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillingsloven, samt for å fremme formålet i diskrimineringsloven om etnisitet, diskriminerings- og tilgjengelighetsloven og diskrimineringsloven om seksuell orientering.»*

Forhold som gjeld likestilling og etikk synest vera greitt omtala. Det vart i 2013 gjort endringar i kommunelova § 48 nr. 5 ved at der er teke inn: «*Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll...*» I dette ligg det eit krav til å orientera i årsmeldinga om rådmannen sin internkontroll. I årsmeldinga for 2014 er forhold som omhandlar etikk, likestilling og internkontroll greitt omtala.

Det vert tilrådd at kontrollutvalet denne gongen innarbeider følgjande i uttalen sin:

- Rekneskapsmessig meir forbruk
- Netto driftsresultat
- Ev. låneopptak og ubundne disposisjonsfond
- Om disponering av driftsresultatet
- Talmateriale og uttale frå revisjonsmeldinga og revisjonsrapport.
- Ev. andre forhold som har betydning

#### **Konklusjon:**

Sekretariatet vil tilrå at kontrollutvalet også i år ber om at rådmannen må syta for at fristar for å leggja fram årsrekneskap og årsmelding for Fusa kommune vert halde i framtida.

Sekretariatet meiner at kontrollutvalet bør tilrå at kommunen prioriterer å sette fokus på forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport nr. 5. frå Deloitte AS. Utvalet bør vidare be rådmannen kome i møte i kontrollutvalet den 1.6.2015 og 3.9.2015 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve desse forbetningspunkta.

Kontrollutvalet sin uttale og revisjonsmeldinga er to sjølvstendige dokument, som følgjer saka vidare via formannskapet til kommunestyret.

#### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Fusa kommune sin årsrekneskap for 2014.
2. Kontrollutvalet ber om at rådmannen **må** syta for at årsrekneskap og årsmelding for Fusa kommune i framtida er ferdig innan dei fristane som er sett.
3. Kontrollutvalet ber om at Deloitte leverer melding frå revisor innan den fastsette fristen.
4. Kontrollutvalet ber rådmannen om å sette fokus på betring slik det kjem fram av revisjonsrapport nr. 5. 2014 frå Deloitte.
5. Kontrollutvalet ber rådmannen kome i møte i utvalet 3.9.2015 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport nr. 5. frå Deloitte AS.

## Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 01.06.2015

### Handsaming i møtet:

Sekretariatet informerte om at regneskapsskjema 1 A - Driftsregneskapet i årsrekneskap for 2014 er feil, då regnskapstalet «til fordeling drift» ikkje er teke med der. Revisjonen har sendt korrekt skjema, som syner kr. 220.875.049, til fordeling drift, jf. fråsegn frå revisor. Skjema 1 A vart synt fram i møtet. Skjemaet vert sendt saman med partsbrev, sakstilfang og kontrollutvalet sin uttale, til kommune.

Rådmann Berit Fløysand og økonomisjef Jarl Ottmar Reinsnes orienterte i saka og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Partner Bjarne Ryland frå Deloitte AS orienterte også i høve revisjonen av årsrekneskapet for 2014 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Revisjonen og administrasjonen skal ha eit møte før sommarferien 2015, for å koma fram til ein god prosess vidare i høve rekneskapsarbeidet i kommunen. Frå hausten 2015 vert det lagt opp til eit tettare samarbeid mellom revisjonen og administrasjonen, for å få på plass manglane ved økonomiavdelinga. Eit av måla no, er å få på plass gode rutinar og prosessar i høve arbeidsoppgåvene, slik at årsrekneskap og årsmelding vert ferdigstilt innan dei lovpålagte fristane. Kontrollutvalet ynskjer ei oppfølging av dette arbeidet.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### Vedtak:

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Fusa kommune sin årsrekneskap for 2014.
2. Kontrollutvalet ber om at rådmannen **må** syta for at årsrekneskap og årsmelding for Fusa kommune i framtida er ferdig innan dei fristane som er sett.
3. Kontrollutvalet ber om at Deloitte leverer melding frå revisor innan den fastsette fristen.
4. Kontrollutvalet ber rådmannen om å sette fokus på betring slik det kjem fram av revisjonsrapport nr. 5. 2014 frå Deloitte.
5. Kontrollutvalet ber rådmannen kome i møte i utvalet 3.9.2015 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport nr. 5. frå Deloitte AS.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Elin Molven Wilhelmsen  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Uttale frå kontrollutvalet - Årsrekneskap 2014 for Fusa kommune
- 2 Revisors beretning 2014 for Fusa kommune
- 3 Revisjonsrapport 2014, nr. 5. for Fusa kommune